



Walter Fosse  
Bjørndalsbrotet 70  
5170 Bjørndalstræ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/575 - 23/7161

Saksbehandlar:  
Jan Kvingedal  
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
29.08.2023

## Melding om delgert vedtak - Søknad om oppretting av grunneigedom ved innløyising av festetomt - gbfnr 50/2/11

Me syner til søknad motteken 05.06.23 og supplerande opplysningar 12.07.23

**Administrativt vedtak. Saknr: 083/2023**

### VEDTAK:

**Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 m) løyve til oppretting av grunneigedom til fritidsbustad frå gbnr. 50/2. Søknad gjeld innløyising av feste nr. 11, oppmålt til 1074,4 m2.**

**Grunngjeving: Søknad er i samsvar med tomtefestelova §32.**

**Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistering jf. 21-9**

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

### Oppmåling

Når klagefristen er ute vert saka oversend avdeling for kart og oppmåling for vidare handsaming. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplerings av opplysningar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at

Side 2 23/97 - 2 tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2år, jf. matrikkelova § 35

### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
11.1.1	Oppretting ny eigedom i samsvar med reguleringsplan	1	2.600,-
	Totalt gebyr å betala		2.600,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak


Saka gjeld søknad om oppretting av grunneigedom for festeeigedom på 50/2, feste nr. 11. Det er også ynskje om ei justering av grensene for 2 av punkta for eigedommen i samband med oppretting av grunneigedommen, men at arealet vert om lag det same som før.

#### Fakta

Tomta som er søkt innløyst ligg i Fagerbotn hyttefelt. Tomta er tidlegare oppmålt og kartfesta.

Det var ikkje kryssa av i søknad for justering av grensene, men det er avklart med søkjar og tiltakshavar at det er slik det er tenkt. Dette er og avklara med nabo, gbnr. 50/4, som eig arealet rundt 50/2/11 opplyser tiltakshavar.

Areal med justering er vist på kartutsnitt under:



### Vurdering

Tiltaket er lovleg nabovarsla. Det er ikkje kome inn merknadar til saka. Tiltaket kan etter tomtefestalova sin § 32 innløyast.

### Konklusjon

Det vert gjeve løyve til frådelling jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Jan Kvingedal  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Dag Erik Hagesæter

Paktarmyrhaugen 5918  
1

Frekhaug

Hans Henrik Fanebust

Mangersnesvegen 5936  
75

Manger

### Mottakarar:

Walter Fosse

Bjørndalsbrotet 70 5170

Bjørndalstræ